


Skaresnøen brenn i mars - -



Av Ola Setrom.


Vintermørkret og den snækne kaldvinden hadde døyvt all utlengsel i lange tider. Lengselen og utfersdensenergien hadde lege i hi, som bjørnen. Den lodne ur-adam låg og tagde og venta.



Jeger og friluftsmann på sin hals, men også dikter er Ola Setrom. Siste jul gav han ut en frisk og levende diktsamling, «Nordan under fjellom», som var gjennomstrømmet av sann naturglede og kjærlighet til fjellet.

Her presenterer vi ham for Turistforeningens medlemmer og venner med en vakker skildring, «Skaresnøen brenn», skrevet i Setroms normaliserte Opdals-mål.

Ola Setrom.



Men da det lei ei stund ut i mars, tok sola til å smile og lokke så blidt at det vart umogeleg å halde ut inne i stugulufta lenger. Eg lengta ut. Augo leita mot fjellhøgdom der snøen spruta eldgneistar morgon og kveld og heile dagen.

Og mot kvelden, når høene tok til å blåne mot natt, var det berre eitt ønske som saud og brann i meg og gjorde meg uroleg: Gjev eg fekk lega langt inne i stille fjellaudna, i fred og ro — late draumane sive gjennom sjel og sinn som fjellbekkene i haustdagen.

Eg dreiv med eit arbeid, og eg ønska inderleg at *det* måtte ha framgang. Eg hadde tenkt vel igjenom alt for longe sidan, fantasien hadde leika seg, og tanken hadde gjort sitt arbeid. Det stod att berre det turre, slitsame negerarbeidet: å skrive det ned!

Men viljen var veik, og energistraumen stod i sure myra og fann ingen veg. Fingrane nekta å gripe penneskafte, tankane leika heilt andre stader. Ja, for lengselen etter fjella og freden var større enn lengselen etter å sjå arbeidet fikst ferdig. Det var som ei taugtrekking — og eg var dessverre ikkje passiv: Eg var sjølv tauget!

I slike stunder fell arbeidet tungt! — Ei Bjørnson-rytme kom og vart bortvist, og kom att — djervare og djervare for kvar gong: «Mot havet stunder jeg». — Eg omsette — mot *fjellet* stundar eg, ja fjellet. For det er havrytme i fjellet og. Og hav og fjell er nærskyldingar; søsken — eller i allefall søskenborn.

Nåja — ein dag ressonerte eg friskt og ubunde. Likeså godt reise til fjells og nyte fred og einsemd og kvile, som å pine kropp og sjel med stuguluft og eit arbeid som snegla seg fram gjennom skoddegrå gledesløyse!

— Og så ein morgon var eg verkeleg komen opom skogbandet — på veg mot hytta! Eg trudde berre halvt om halvt at det var sant, og ikkje berre ein draum. Ein drøymer ofte vakrast om natta når dagen har vore lang og mørk som eit kjellarliv!

Men eg hadde sekken på, og *kjende* kvar han sat. Der hadde eg mat og klæde. Og, du optimisme som aldri døyr trass i tusen brostne voner! Eg bar på skrivesaker — om ånda reint uventa og ufortent skulde stige inn gjennom mi låge dør og velje meg til medium! Og det hender — endatil høgt tilfjells. — Elles hadde eg kikkert, kompas, kaffekjel og andre reint naudsynlege ting.

Sola skein frå høg, gråblå himmel da eg snudde meg oppe i viggja og vinka velfar til brei-bygd og stuguliv — og så skreva eg på det hardaste eg vann søretter fjellet.

Snøen låg i store kuvne fonner under skarvar og bergpellar, og fjellrypa sat og riksa i styggaste hoggbergom. Det var så klårkaldt at det brende i nasen og gnaura i snø og skibindingar, men skarvrypa såg ut til å ha det herleg i solsteiken. Fuglane sat på og under steinom som kvite snøballar. Dei låg på snøfonnan og sola seg, halla seg innmot fonna og stødde seg på eine vengen så dei ikkje skulde sigle utóver. No sola dei seg, rengde augloka, dovna seg.

Etter skarvar og flate flyer var det harde isskåa no, så for rypa var det eit livsvilkår å flytte ned i skogen morgon og kveld og mate. I dagningstida hadde ho levd høgt på bjørkebrom og kræklinglyng — no var ho heime att hjå seg sjøl og kvilde.

Velsigna sola! Ho vermde verkeleg. Ho stod høgt alt, og skein så det gneistra frå snøflatom. Eg tok til å bli dugeleg sveitt av gonga, og akslene svei under sekkereimom.

Da sola stod rett i sør, fann eg ein fin avdriftrande, kasta sekken og rasta der. Eg skulde vera omlag midtveges no. Eg sank sammen kjerr og mose, brødde snø — og fekk seint om sider ta fatt på kaffekoking.

Stilt — andande stilt var det. Berre sola stråla så snøen brann. Berre ein koop klunka einstad over Finnshøa. Berre litt syding når elden tok tak i halvfrose mose og spekte kjerr. Røyken steig som eit gråblått him, flaut ut, og vart borte. Kanskje stod verdraget frå sør?

Men å seie som vanleg at vidda låg tom og livlaus, vilde vera formasteleg. Rype var det i større og mindre flokkar kvar eg såg. Snarefangarane påstod at det var kome store flokkar av flyttrype. Sjå her, sa dei, dei har nokre svarte fjører på vengjom!

Eg låg med vindjakka under meg og med sekken som ryggstød — låg *attogbak*, som vi seier, og såg på fuglane gjennom kikkerten. Dei låg i hopar, på tyltvevis, og dovna seg på snøfonnane. Dei røyvde seg minst mogleg — blunka med dei svarte augom sine, letta på ein veng, tøygde ein fot. Elles eit symbol på einsemd og fred! Kom eg desse skokkane for nære, tok dei palinga opetter fennene som sauer. Dei letta ikkje, og sprang aldri langt.



Her smaka kaffen! Koka av høg fjellssnø og Java. Eg åt og drakk, røykte og kvilde — og såg himmelen open. Da eg hadde solbaka meg og kvild i tvo stive timar, kom det ei vindgræle så eg hustrast, og eg spende skia på meg. Eg burde nå hytta i god tid føre kvelden.

— Klokka seks stod eg oppe på vardehøgda og såg nedover mot hytta. Snøfonna låg jamnhøgt med veggen på nordsida, mer på sørsida var tunet heilt svart, bert og velpussa.

Ei stund laut eg stane og sjå: Her skar elvdalen seg uendeleg kvit og flåen sørover mot Østerdalom. Eit kjend og kjært landskap, blidt og vidt og fritt! Og fjellnutane blåna inn i kveldskugge vestover, men toppane glødde i raud brand.

Eg lengta etter mat og kvile, og så let eg det sige avstad nedover den langslake fjellskråninga. Omlag fire kilometer flaut eg no med høveleg og toleg jamn fart sørover og nedover hallinga. Eg vart mjo og skjelven i kneom før det endeleg stana på sandflåa utanfor hytteveggen.

Så vart det kveld første dagen —

Dagen etter sov eg til sola skein inn gjennom gavlruta i sør. Ei roleg natt hadde det vore, utan draum og mare — og da eg vakna, hadde eg berre *ein* tanke: nøre under kaffekjelen og få meg mat!

Heldt eg på å bli sjuk, tru, eller var det eit godt merke å vera så svolten før ein skikkeleg vakna? — Ja, *ver du viss*, svara Toresgrende alltid når folk spurde på den måten.

Eg fyra op og hengde kjelen over elden. Så la eg meg att. Og medan varmen breidde seg i det vesle romet, seig eit velvære over meg som — ja, kvan kan skildre dette velværet som *alle* har kjent og *ingen* gløymer? — Eg sovna søtt og vakna med at venen Lars fosskoka over så det saud og susa i omnsplåta. Den herlege dåmen fyllte heile hotellet.

Medan eg åt, gjorde eg det ålvorlege vedtaket at eg skulde kje gjera den minste verdens ting *den* dagen — anna enn å røske samene noko einer og vidje til ved, med eg enno hadde litt god spikved å stø opunder med.

Dette arbeidet med veden viste seg å vera ikkje så heilt lett. Men men lang dag og lengre tålmod kan ein noko få gjort. Og det fekk *eg!* Eg var stiv og lemster etter marsen dagen føreåt, og uteljelege som sand var alle dei gongene eg gjekk attogbak i snøen, når vidjen slepte taket *for villig!*

Men alt var herlegdom og glede. Eg såg på fjella og såg på himlen — og song. *Det* kunde enno så vera. Men eg gjorde noko anna og verre: Eg tenkte *høgt!* D. v. s. eg tala for meg sjøl! Eg dikta vers om snøen: Det braglar sølv og skin frå kvite fenner, og skya sym i blått med gullan-render — —

Eg går likesom i eit forunderleg ljøs. Det gøyser eld frå jorda mot meg, og lynet eldspjot frå himmelen. Og eg opnar liksom slusone og syp inn og let meg fylle av denne sterke ljøs- og solkrafta — og velværet silar inn i meg så det maurar gjennom kropp og sjel. — Og så held eg talar! Talar om fjellet og ljøset. Einfelt

og hjarteleg skildrar eg fjellet, flyene, flatone, rypone — eit barn vilde sjå snø- og fjell-landet framfor seg — og kjenne stilla kor ho sig inn i sinn og sansar. Eg blir kløkt av mine eigne ord, og endar talen med «Ja, vi elsker —». Da sit eg på enden i snøen med ein kronglut einkarre i handa. Da sver eg — og er berre eit forarga menneske tvert igjenom. Fy, fy — men berre eit menneske, høgt oppe og djupt nede.

Slik finn eg meg sjøl att — på enden i snøfonna, og langt, langt inni ville fjell. Da lær eg til meg sjøl; høgt og kvelt og uforskamma lær eg til argskapen og dårskapen. Reiser meg og slær av meg snøen; ser ikring meg av gamal og syndig vane. Men ingen såg meg, og ingen hørde meg. — —

Medan eg går og loar i lyng, gråvidje og kjerringris, fær eg sjå ein snaregarde som står i full stand. Eg grev etter i minnet og finn ut av dags dato har vi femtande mars. Eg tykkjest skimte nokre teikn i den solherja snøen. Det er skispor. Og så tek eg etter desse to mørke stripone og tenkjer at her finst vel meir slikt, san. Å jau! Best det er, står eg attmed ein ny garde — og her ligg to rypor. Hovuda er vridde åt sida. Kroppen er krøkt og samensnurra. Kroppsforma fortel om krampepine i siste augneblinken!

Det isar gjennom meg, og det kokar i meg! Eg knyter nevane mot vinterblåe himmelen og sver — sver at dei skal få med meg å gjera! Her i mitt *eige* rike, tett attmed mitt *eige* slott — tri meter i firkant — sett dei op pineverk for mine eigne kvite fuglar — ja let snarone stå på vekevis over lovleg tid! Sinnet kokar i meg, men snart forstår eg at det er ikkje så endetil å få ein søt hemn.

Eg går over frå idealist til materialist — og vegen vidare til egoist: Rype er god *mat*, og rypesteik er *godt*. Eg tek dei sågu heim! Nå, det er eit *par*, han og ho. I haust vilde det ha kakla tolv stykke her ved bekkelona. — Eg steikjer dei — og fortel at eg har ete tolv rypor i *eitt* mål! Ha ha. At eg kan vera *vittig* no, gled meg. Vinje skulde vera fjellmann og vittig hund, er det fortalt. Vittig — med blekk på fingrane. Det lyder som eit paradoks, men —

Eg vart gåande og vabbe i snøen og bruke øksa på kvar snare-

garde eg fann. Og det fanst *nok* snaror, men berre *lite* rypor. Som vel var. Da eg til sjuande og sist hadde funne enno eit par, laut eg gjera vendereise.

No visste eg kva eg skulde gjera dagen etter: Ta skia og vitje og øydeleggje kvar den snaregarde som fanst! Så hadde eg arbeid den stunda. Og kvar tid har nok med seg, fann eg ut.

Slik kom kvelden andre dagen.

Men dette skal ikkje vera timetabell — og ikkje dagbok heller. Og dagane gjekk i tull for meg, før eg visste ordet av det.

Eg trur det var dagen etter at eg stod ute og knarta einer — utpå kveldsida, trur eg. Da fekk eg sjå ein stor fugl som hekk og sperra over høgdene i vest. Det laut helst vera ein høsehauk, eller ein rypefalk som var noko fortidleg ute. Eg fekk dele ei rype med venen på vengjom, tenkte eg. Litt *kommunisme* skulde høve bra såpass høgt tilfjells!

Så klengde eg skinnnet og fjørhamen av den eine rypa, stoppa ho full av mose. Da eg var ferdig, så ho naturtru ut — endatil for ein rypekjennar som falken med så næme sansar, vil eg tru. Eg gildra op rypa i ei av soksene mine på ei falketuve ikkje langt frå hytta.

Eg sat i glaset om kvelden så lenge eg kunde sjå noko for sky-ninga. Og det *var* spaning! To-tri gonger såg eg at han sveiv over den kvite, falske, forlokkande rypa, men ynskjet mitt vart ikkje opfylt: å sjå røvaren slå ned — og bli sittande!

Ei stund utpå neste føremiddagen hørde eg eit mjukt knepp og eit håst skrik, tykte eg. Eg heldt på med noko inne og hadde gløymt falken — så det er godt mogleg det berre var innbillning og. Trur gjerne det — sansane var kanskje alt vortne noko fjell-våre? Eg vil ikkje påstå noko, men da eg kom ut, sat falken steindau i soksa!

— Da eg hadde vore i hytta tri-fire dagar, vart eg meir vaken om morgonen. Det grå morgoljoset var nok til å vekkje meg, liksom.

Fleire næter og morgnar på rad hørde eg noko som skreik stygt attmed hytta — og ein morgon fekk eg verkeleg sjå sjølve ufreskjete. Det var ein uvanleg stor raudrev som skreik og bar seg



i «enkje-søkjer-make-tida». Eg hadde ei finkalibra winchesterrifle med magasin — og eg fekk ei utøymeleg jaktlyst.

Målet var dessverre langt, så eg hadde kje stor von om å råke. Men eg opna hyttedøra på gløtt og fekk meg børsestøde på dørstokken. Dermed fyra eg laus.

Eg såg kor snøen gaus over reveryggen — og reven sjøl gjorde bråkast og heilomvending og kom i fykande tan etter dalsøkket, beint mot hytta. Så kom han bort ei stund, og eg venta å få sjå

han retteleg nære snart. Men istaden spratt han inn på ein berrfleck attmed bekkokanten og vera til alle leier.

No hadde eg langsida, og han gjorde seg god tid, men målet var vel innpå to hundre meter. Da det small, var det som ei usynleg hand tok fatt i revesvansen og snudde snuten og glaningen beint imot meg. Så gjekk reven rundt i ring eit par gonger, reint fortumla. I fullt sinne gjorde han eit par iltre hogg etter rumpa si — og sette i langbyks søretter.


Alle kunstene hans var så kostelege at eg vart liggjande ei lang stund og glåme etter honom. Så sende eg tri skot på raude rippet — til velfarshelsing. Alle kulone slo ned attanfor —

Men med andre skotet hadde eg nok råka rumpekvervlane, for litt av svansen vifta og slong i vinddraget så langt eg kunde fylgje med augom.

Kan nokon forstå det? Dette var av dei store ting som hende meg. For det er så underleg med fjellet. Det som bit og skjer og tyngjer ein nedåt i bygda, druknar i fjellaudna og stilla. Og små ting veks og blømer som eventyr i barnesinn — og fyller ein. Sjel, ver still, kviskrar kvar småting, alt stort er smått, og alt smått er stort. Det gjeld berre å setje alt på *sitt* rom.

Og så ein vakker dag lengtar eg mot bygd og bustad att. *Eitt* tomrom er fyllt, og eit nytt har opna seg. Men der eg glid same vegen heim, tykkjest eg bera på noko nytt. — Ei ny sanning? Det er for mykje å seie *det*. Berre ei gamal sanning set med nye augo: Lær å sjå det store i det små!

Ola Setrom.



Beveren i Sognli revier, Norges første naturpark.

AV FYLKESKOGMESTER BJARNE WISTH

En gang fantes det bever også i Trøndelag, men den oprindelige stamme er for lenge siden utryddet.

På Sørlandet finnes det ennå som bekjent en ganske stor beverstamme, og i de senere år er det mange som har interessert sig for å få dette interessante og flittige dyr utbredt også til andre landsdeler.

Trondhjems Turistforening har således interessert sig for denne sak og besørget et beverpar utsatt i Nedalen. Likeledes har minister Chr. Thams utsatt ikke mindre enn 3 beverpar i Sognli revier.

Minister Thams har gjennom årrekker viet viltpleien stor interesse. I den anledning har han fra begynnelsen av 90-årene efter hvert innkjøpt store sammenhengende utmarksarealer hvor han kunde dyrke disse interesser. De innkjøpte eiendommer ligger på høideryggen mellem Orkdal og Snillfjord med Sognli gård som midtpunkt, og dekker et areal av ca. 85,000 mål i et godt arrondert område omkring gården, (A/S Sognli Jagtklub).

Hensikten med disse kjøp var å skape en naturpark hvor viltet kunde pleies og hvor såvel skog som dyreliv kunde få utvikle sig uten menneskers inngripen. Jeg skal ikke her komme næiere inn på alt det som gjennom årene er gjort for å skape og utvikle den store viltmengde som idag finnes i Sognli revier, men bare peke på en del resultater. Hjorten som før optrådte sporadisk, er nu meget tallrik, og det er utvilsomt at den største hjortestamme i Norden nu lever i disse trakter. Småviltet, som har vært fredet